

Snøføyka 2012



Laurdag 18. februar 2012 på Hjeltefjorden

Ran Seilforening har gleden av å invitera til regatta på Hjeltefjorden laurdag 18. februar 2012. Seglasen er med i VinterCupen 2012.

Reglar

ISAF's kappseillingsregler 2009-2012 (RRS). Reglane for HordaCupen 2012. Det vert segla i LYS med og uten spinnaker samt doublehanded. Regattaen er underlagt tryggleikskategori 5.

Tidsprogram og baneområde

Fyrste varselsignal vert gitt klokka 12.00. Baneområdet vil vera Hjeltefjorden med start og mål ved Anglevik. I Ran Seilforening sitt klubbhus vert det sosialt samvær, varm suppe, film frå regattaen og etterpåkløkskap/debrief ved North Sails og sjølv sagt premieutdeling for regattaen.

Regattakontor

Regattakontoret er i det nye klubbhuset til Ran Seilforening og har fylgjande opningstider:

Laurdag 18. februar kl. 09.00 – 10.30.

Etter seglasen er regattakontoret ope til ein time etter protestfristen.

Påmelding og informasjon

Startkontingent er kr. 300 og skal betalast til Ran Seilforening sin konto 9521.66.10068. Påmeldingsfrist: torsdag 16. februar 2012. Båtar som melder seg på etter påmeldingsfristen må betale dobbel startkontigent. Påmelding og annan info om regattaen finn du på www.ranseil.no, der seglingsvedtekter og klasseinndeling vert publisert seinast fredag 17. februar klokka 18.00.

Oppvarming til Snøføyka

Laurdag 11. og søndag 12. februar vert det kurs i regattasegling for nybyrjarar ved Karl Otto Book i Anglevik. Nærare info om dette finn du på www.hordaland-seilkrets.no

Fredag 17. februar vert det seminar i Ran sitt klubbhus. Foredrag ved Magnus Brun om korleis du kan utnytta vindskift taktisk og strategisk gjennom regattaen. Nærare info på www.ranseil.no

Spørsmål i samband med regattaen Snøføyka kan rettast til Kjell Magnus Økland (95 04 67 39)



Velkomen til Ran Seilforening og Snøføyka 2012!